



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

NVE
nve@nve.no

Leikanger 25.01.2016

Registreringsnummer: 6366
Saksnummer: 201102491

Klage på konsesjon til Nundalselvi kraftverk i Øvre Årdal, Årdal kommune.

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane klager med dette på vedtaket om å gje konsesjon til Nundalselvi kraftverk.

Vi viser til vår høyringsfråsegn til saka 03.09.2015 og vil med dette grunngje vår klage.

Grunngjeving for klagen:

Innkomne høyringsfråsegn til saka:

Av dei seks innkomne fråsegnene til saka er berre ein positiv. Av dei fem karakteriserast motstanden slik; Årdal kommune fraråder, Fylkesmannen går imot, Årdal Energi FK distribusjonsnettet har ikkje enkelt høve til å ta imot produksjonen fra Nundalselvi kraftverk, SFT/NVF og FNF går imot, Stiftinga Nundalen meiner tiltaket vil vere eit negativt bidrag og forringe opplevingsverdien av området. Fylkeskommunen mener fordelene vil vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Vår kommentar: Dei allmenne interessene som har gitt fråsegn til saka inkl ein privat og det lokalpolitiske nivået (11/10) er alle negative til tiltaket.

Vår konklusjon: lokalpolitisk fleirtal ved kommune, forvaltning ved FM, allmenne interesser og minst ein grunneigar/stifting er negative til tiltaket. Demokratisk viser det fleirtal for eit nei-vedtak!

Produksjon og kostnader: Samfunnsøkonomien i et prosjekt er vanlegvis med i NVE sine totalvurderingar av prosjektet og med i bakgrunn for vedtak. Her vil det helst falle negativt ut for prosjektet, og vi undrast om det difor er utelate? Vi viser til samanlikning til Okla vindkraftverk der nettopp økonomien i prosjektet vart utslagsgjevande for resultat om konsesjon. Vi meiner samfunnsøkonomien i prosjektet er marginal og difor ikkje kan vege tungt opp mot tap av allmenne interesser.

Allmenne interesser, friluftsliv, biologisk mangfald og landskap, reiseliv og turisme/samfunnsnytte:

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Biologisk mangfald:

Miljørapporten fortel at vegetasjonen i Nundalen i hovudsak er bjørkeskog med ei blanding av storebregner og høgstauder i feltskiktet. Elvestrekninga renn for det meste i eit bratt juv det meste av strekninga frå inntaket til Årdalsvatnet. Dette er ei stor utgåve av naturtypen bekkeløft og bergvegg, som har fått verdi stor (B), i heile den strekninga som vil få redusert vassføring. Ein liknande naturtype er ikkje registrert andre stader rundt Årdalsvatnet. Der er også registrert ein lokalitet av fossesprøytsone nedanfor garden Haugstad, ein lokalitet med fleire råmekrevjande artar og potensial for raudlista planter. Store tre, gaddar og liggande tre tyder på ein viss kontinuitet, altså høg alder på skogen, som kan innehalde fleire sjeldne og truga artar. Truleg hekkar dei fleste av 45 fugleartar som finst i området, ved Nundøla, står det i søknaden.

Opplysningane vitnar om eit dalføre med næringsrik jord i tjukk morene og rasmark, gammal skog og solvend eksponering. Det er naturleg at dette gjev levekår for mange artar av planter og dyr. Kor mange som er sjeldne og truga nær elvestrengen, veit ingen. Men både miljørapporten og NVE er av den oppfatning at influensområdet har potensiale for raudlista artar.

I konsekvensrapporten har influensområdet fått verdi middels-stor, sjølv om der står (side 28) at område som er inngrepsfrie frå fjord til fjell, skal ha stor verdi. Verdien er devaluert med den grunngeving at utanfor dei definerte naturtypene, er verdien av sjølve naturmiljøet liten. Dette meiner vi er å setje dalen i klasse med artsfattige strok på grunnlendt mark og karrig berggrunn. Den viktigaste innvendinga er likevel at forfatternen har laga ein gjennomsnittskonklusjon som gjer at dei store verdiane langs elva ikkje kjem til sin rett. Den mest påverka delen av influensområdet har **stor verdi**.

Konsekvensar:

Miljørapporten hevdar at:

*Nundalen har en øst-sørøstlig eksponering. Nundalselvi ligger i sin helhet innenfor overgangsseksjonen (OC), og renner gjennom sørboreal og mellomboreal sone (Moen, 1998). Klimaet i området rundt Nundalselvi er **kjølig oseanisk med sterkt humide forhold og stor nedbør fra sørvest**. Temperaturnormalene i Øvre Årdal og Årdalstangen, som er de nærmeste stasjonene for Nundalselvi, viser at gjennomsnittlig årstemperatur er hhv. 4,6°C og 5,7°C. Gjennomsnittstemperaturene er hhv. -4,0°C og -2,0°C i januar og 14,5°C og 14,2°C i juli (Aune, 1993). Temperaturen er sannsynligvis ca. 2-3 °C lavere oppe ved inntaket. Gjennomsnittlig årsnedbør er 690 mm i Øvre Årdal og 760 mm ved Årdalstangen (Førland, 1993). Terrenget heller i sørøstlig retning, noe som enkelte steder gir et gunstig mikroklima.*

Den utheva (av oss) påstanden om at klimaet ved Nundalselvi er ”kjølig oseanisk med sterkt humide forhold og stor nedbør fra sørvest”, manglar grunnlag i det faktiske.

Oseanitet er ein del av grunnlaget for vegetasjonsgeografisk inndeling av landet, som er presentert i Moen A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss. Etter grad av oseanitet, er landet delt inn i seksjonar, vesentleg på grunnlag av opplysningar om kva planter som veks der.

Årdalsfjorden og dalføret innanfor ligg i det som Moen kallar Overgangsseksjon – mellom svakt oseanisk seksjon og svar kontinental seksjon; den siste dekkjer dei mest kontinentale delane av landet. Vestgrensa for overgangsseksjonen går vest for Leikanger og på vestsida av Aurlandsfjorden. Hurrungane og andre høge fjell ligg i Svakt oseanisk seksjon, men det har ikkje noko å seie for Nundalselva.

Overgangsseksjonen er prega av austlege artar, men “svake vestlige innslag forekommer” (Moen 1998).

690 mm nedbør i Øvre Årdal og ein julitemperatur over 14 grader tilseier heller ikkje eit oseanisk klima og stor nedbør frå sørvest. I lia over Årdalsvatnet er det relativt sommarvarmt, som elles er typisk for indre strok av Sogn. At terrenget hallar i søraustleg retning talar for eit gunstig lokalklima langs Nundøla. Lind står oppført i artslista til konsekvensvurderinga, og er vårt mest varmekrevjande treslag. Artslista har ikkje namn på planter som kjenneteikner oseanisk vegetasjon.

Det går det fram av vassføringskurvene at mykje av sommarvatnet i Nundøla kjem frå snøsmelting lenger oppe i feltet. Vi kan ikkje finne dekning for påstanden frå NVE om at råmen langs elva kjem meir av vassig frå sidene enn frå det som renn i elva. NVE og konsekvensrapporten har heller ikkje gjeve lesarane sakleg dekning for eit slikt standpunkt.

Nundøla har, så vidt vi forstår, ikkje mykje djupe elvegjel, men mange mindre fossar og stryk som kvervlar opp vatn til lufta. Gjela er likevel så djupe at det er opplyst at dei er vanskeleg tilgjengelege. Dette gjev fuktig lokalklima langs elva, truleg eit markert fuktigare miljø nede langs elva enn på sidene av elveløpet.

Konsekvensrapporten fortel (s. 46-47) at konsekvensane for biologisk mangfald og verneinteresser ville bli stor negativ dersom omfanget av tiltaket vart sett høgre. Forfattarane meiner at minstevassføring dempar omfanget, og dei har lagt vekt på at konsekvensane er under middels for andre deltema. Her nyttar dei igjen ei nivellering av dei store utslaga til eit slags gjennomsnitt, ein praksis som gjev eit misvisande bilete at situasjonen. Dersom det var kjent at ein truga art fanst i influensområdet, ville konklusjonen vorte heilt annleis. Både konsekvensrapporten og NVE meiner det er potensiale for truga artar langs elva, men begge ser i realiteten vekk frå dette i sine konklusjonar. Dette er ikkje eigna til anna enn å undervurdere konsekvensane.

Miljørapporten vedgår også at vurderingane er usikre (s. 46-47):

Usikkerhet i omfang: Utbyggingsplanene er godt beskrevet og forutsetningene for å vurdere omfanget av tiltaket er tilfredsstillende. Fagekspertene har lang erfaring med vurdering av liknende utbygginger. Det er imidlertid noe usikkerhet knyttet til hvordan en redusert vannføring i Nundalselvi vil påvirke miljøet og artene i bekkekjøften. Omfanget for biologisk mangfold og verneinteresser kan vurderes å være noe høyere enn middels negativt, men det er tatt hensyn til minstevannslippet og at omfanget er under middels negativt for andre deltema.

Usikkerhet i vurdering av konsekvens: Dette tilsvarer det siste trinnet i konsekvensvurderingen, der verdien av området kombineres med omfanget av konsekvensene. Usikkerheten i totalvurderingen er derfor større enn for verdi og omfang isolert sett. Med unntak av konsekvensen for biologisk mangfold og verneinteresser, som ville blitt stor negativ dersom omfanget ble satt høyere (se ovenfor), er konsekvensvurderingene for de andre temaene robuste for små justeringer i verdi og/eller omfang.

Fylkesmannen viser også til at kunnskapen om raudlista arter (generelt) er mangelfull i Årdal. De viser til at verdien av naturen i influensområdet er vurdert for lågt («middels til stor») og at området burde vore verdivurdert til «stor til middels».

På dette grunnlaget meiner vi at NVE har lagt feil oppfatning av faktum i saka til grunn for sitt vedtak.

Reglane i naturmangfaldlova:

Det er mogeleg NVE har dekning for at saka er godt nok opplyst til å gjere vedtak i samsvar med § 8 i naturmangfaldlova (mnl.). Det er likevel ikkje sikkert at kunnskapen gjev dekning for å gje konsesjesjon.

Som grunnlag for vedtaket viser NVE til mellom anna høyringa og eigne søk i databasar. NVE har etter dette valt å sjå vekk frå dei korrigerande opplysningane frå fylkesmannen. I databasane er det liten grunn til å finne nye opplysningar, sidan området er svært dårleg undersøkt, som fylkesmannen har sagt frå om. NVE har heller ikkje påvist noko resultat av denne jakta.

Dette, og ikkje minst det faktum at raudlista artar kan finnast langs elva, utan å vere oppdaga, utløyser bruk av nml. § 9. NVE meiner at ”potensielle virkningar” for slike artar vil vere borte på grunn av krav om minstevassføring i elva. Dette er ein hypotese. For oss verkar det ikkje fagleg solid å hevde at litt vatn i elva i staden for ei relativt stor sommarvassføring skal vere nok til å berge artar som ikkje er kjende, og derved utan å kjenne vilkåra for at dei vil overleve.

Når forvaltninga skal gjere vedtak utan god nok kunnskap om verknadene for naturmiljøet, er retningslina i § 9 å styre unna vesentleg skade på naturmiljøet. Når konsekvensane er usikre av mangel på kunnskap, er oppdraget etter § 9 å, populært sagt, la tvilen komme naturen til gode. NVE har i staden late tvilen komme søkjaren til gode. Særleg på bakgrunn av evalueringsrapporten om småkraftsøknader (Høitomt og Gaarder 2015) ville NVE styrke sin autoritet ved å legge mindre vekt på udokumenterte hypotesar i sine vurderingar.

Om samla påkjenning (nml § 10) seier NVE lite. Dei hevdar at tiltaket vil ikkje vere negativt for truga artar, og dermed ikkje påverke den samla påkjenninga. Påstanden om manglande effekt det ikkje er presentert nokon grunnlag for. § 10 handlar heller ikkje berre om truga artar, men om økosystema. Nundøla som økosystem har ikkje, etter det som har komme fram, nokon tilnærma intakt kopi andre stader i Årdal. Med pårekeleg risiko for at dette økosystemet vert mindre artsrikt om det meste av vatnet vert borte frå elva, er det nærliggande å hevde at biodiversiteten i området vil gå ned, i eit distrikt som frå før er hardt utnytta til kraftproduksjon. Når NVE med ei setning om at dei har vurdert den samla påkjenninga, utan å seie noko om korleis dei har vurdert, går dei forbi kravet i § 10. Vi meiner at ein over middels og negativ konsekvens for eit vassdrag som er rikt på naturkvalitetar og som er eit av dei aller siste som renn fritt i området, inneber at den samla påkjenninga vert for stor.

NVE er fleire gonger inne på at den minstevassføringa søkjaren har gjort framlegg om (115 l/s om sommaren), er ”satt noe lavt” (s. 17). I konsesjonsvedtaket krev NVE 150 l/s. Det går fram av vassføringskurvene i søknaden at summen av minstevassføringa og det som kjem frå restfeltet, som gjer seg mest gjeldande i den nedre delen av elva, i det meste av sommaren vil vere noko sikleaktig, utan særleg effekt på vassinnhaldet i lufta over elva. Det går ikkje fram av grunngevinga kva som tilseier at NVE meiner 150 l/s gjev ein vesentleg annan situasjon enn 115 l/s. Det manglar etterregistreringar som kan støtte den vurderinga NVE har lagt til grunn for sitt vedtak.

Vi meiner etter dette at NVE i sitt vedtak og bakgrunnen for det ikkje har oppfylt krava i naturmangfaldlova §§ 8-10.

Konklusjon om biologisk mangfald:

Vi meiner at NVE har lagt feil oppfatning av faktum i saka til grunn for sitt vedtak.

Vi meiner at NVE i sitt vedtak og bakgrunnen for det ikkje har oppfylt krava i naturmangfaldlova §§ 8-10.

Vi meiner difor at føremonane i form av meir kraft, i det vesentlege om sommaren, ikkje kan forsvare konsesjon til utbygging i eit vassdragsfelt med store biologiske verdiar som det ikkje er påvist make til andre stader i distriktet, og der dei milde konsekvensane som NVE har lagt til grunn, ikkje har nokolunde sikre haldepunkt i realitetane.

Friluftsliv:

6.7 Friluftsliv, jakt og fiske 6.7.1 Datagrunnlag Datagrunnlaget er samtaler med grunneierne i området og kvaliteten vurderes som god (3).

Vår kommentar: Årdal Turlag ville vore ein fagleg naturleg part å hatt samtaler med også. Deira syn er ikkje det same. Årdal Turlag opplever at kvalitetane i Nundalen gir eit viktig og flott turområde av særleg stor verdi sidan det er inngrepsfritt, noko dei opplever som mangelvare i Årdal. Etter Miljødirektoratet sin veileder M-98 2013 for kartlegging og verdsetting av friluftsområder vil eit område vere svært viktig for friluftsliv dersom ein av sju av dei 13 verdsettingskriteria tilseier høgst verdi (5). For kriteria lydmiljø, inngrep, utstrekning og truleg potensiell bruk vil verdi 5 vere rett. Dermed er verdsettinga etter handbok 18 som ender i liten verdi for friluftsliv feil etter veileder M98! Det er denne som no vert nytta ved kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunane. Stortinget har oppfordra alle kommunane om å kartlegge og verdsette sine friluftslivsområder etter denne metodikken innan 2018, og denne informasjonen er kommunane pålagt å legge inn i sitt offentlege kartgrunnlag (frå 2015). Vi meiner difor at metodikken og verdsettinga etter M98 2013 veileder veg tyngre enn referert metodikk og verdsetting etter DN-handbok 18 i Miljørapporten, denne (DN H-18) er frå 2001. Ref.: kons.søknad side 41 og <http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf> side 21.

Verdivurdering er sett til liten og omfang er sett til liten til middels negativ konsekvens i søknad for friluftsliv.

Vår verdivurdering er sett til **svært stor for friluftsliv** etter kriteria i M-98 og omfang vert da **stor negativ konsekvens for friluftsliv**.

Frå vedtaket til tillatelse frå NVE står på side 20, 6. avsnitt:

Store samanhengende naturområder med urørt preg

Etter NVE's vurdering vil området i stor grad fortsatt framstå som urørt etter en eventuell utbygging, både med hensyn til landskap, friluftsliv og naturmiljø.

Frå vedtaket til tillatelse frå NVE står på side 21 3.avsnitt:

Friluftsliv og brukerinteresser

Etter NVE's vurdering vil tiltaket medføre endret opplevelsesverdi i sammenheng med friluftsliv, først og fremst på grunn av redusert vannføring i elva samt bygging av kraftstasjon, kaianlegg og inntaksdam. Kraftstasjonsbygget, kaianlegg og inntaksdam vil vere synlege på enkelte strekninger for de som ferdes i Nundalen.

Her manglar det samanheng og konsistens i argumenta i omtalen og NVE's vurdering av korleis området vil framstå. Etter argumentasjonen side 21 fell vurderinga om at området framleis vil framstå som urørt! Der

står det at inngrepa vil verte synlege frå fleire stader dvs at det urørte preget vert svekka!

Kommunen viser og til at dalen har urørt natur med eit stort potensiale for friluftsliv og naturopplevelser.

Vår konklusjon: Vedtak og konsekvens for friluftsliv og allmenne interesser er basert på svakt faktagrunnlag og utan konsistens i grunngjevinga. Ulempene for allmenne interesser meiner vi er større enn det NVE legg til grunn.

Annet side 23: NVE vel å ikkje ta omsyn til fylkesmannen sine merknader. FM er eit sterkt fagleg og også politisk styrt forvaltningsnivå. Vi finn det urovekkande at NVE vel å sjå vekk i frå FM sine faglege innspel knytt til Nundalen og elva.

Samlet vurderes tiltaket å ha liten positiv konsekvens, der konsekvensane for reiseliv og turisme er særst usikre.

Vi finn de samla samfunnsmessige føremonane og inntektene frå anlegget mindre enn ulempene for allmenne interesser. Vi meiner det er dekning for at der og er negative samfunnsinteresser knytt til reiseliv og turisme. Her har Årdal eit stort uutnytta potensial, særst i høve andre kommunar i indre Sogn. Noko dei og har valt å satse på framover:

<http://www.sognavis.no/nyhende/sterk-satsing-pa-reiseliv/s/1-105-7745184>

<http://www.sognavis.no/ardal/nyhende/sjaarsuksess-kan-gje-sommarrekord/s/5-48-13431> med utsyn over til Nundalen

<http://www.sognavis.no/nyhende/stort-potensial-for-roleg-friluftsliv/s/1-105-7710104>

<http://www.sognavis.no/nyhende/set-fokus-pa-naturopplevingar-og-reiseliv/s/1-105-6642921>

Vi støtter såleis klagen frå Årdal kommune og Stiftinga Nundalen. Vi meiner med våre grunngevingar at samfunnsnyttan vert størst på sikt ved å la Nundalselvi renne fritt for framtida, friluftslivet, det biologiske mangfaldet og kommande generasjonar!

Det er særst sjeldan at organisasjonane klager på eit småkraftvedtak og det gjev eit ekstra tydeleg signal om vår ueinighet med NVE sitt vedtak!

Med venleg helsing



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar / Erik Solheim, rådgjevar

Sogn og Fjordane Turlag



Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle, koordinator og sakshandsamar

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane